



MØTEBOK

Møte: 4-2023
Møtedato: Onsdag 29.11.2023
Møtestad: Viefluno, Rådhuset
Tid: 16.00

Desse møte:

John Olav Habbestad, Åse Innvær, Trygve Totland, Elin Taranger, Heidi Vold Ådnanes, Asbjørn Gundersen, Camilla Rubach, Elisabeth Bjørnevik, Hans Otto Robberstad og Trygve Leigland.

Desse møtte ikkje:

Odd Ingvar Nilssen

John Olav Habbestad leia møtet.

2023-04-01 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Godkjent

2023-04-02 GODKJENNING AV MØTEBOK

Godkjent

2023-04-03 MELDINGAR OG SKRIV

1. Oppdatering på personal. Ein heil del endringar i haust.
 - Ny konsulent – Sissel S. Gåsland
 - Ny kyrkjelydspedagog – Hildegunn Andal
 - Organistvika – Simon Madsen
 - Prestevikar – Roald Drønen
 - Diakonvikar – Olava Nord
2. Status for ulike gjennomførte prosjekt
 - Vorland kyrkjegard – Gjenstår noko etter tilbakemelding frå kyrkjegards arbeidarane. Ein del området som vil gje krevjande vedlikehaldsbehov. Må ha uttak til straum til tineapparat i nærleiken av ny gravplass.
 - Bømlo kyrkje – Gjenstår noko i form av teknisk utstyr og modifisering av preikestol.
 - Orgel i Moster – Kjem i januar.
3. Etterslep på dagleg driftsoppgåver
 - Utsending av festeavgifter er gjort veldig seint, grunna personalrokkering.

2023-04-04 KVARTALSRAPPORT 3. KVARTAL

Framlegg frå kyrkjeverja viser at ein går ei svært spennande avslutning på rekneskapen i møte. Ein har brukt meir enn budsjettert i per 3. kvartal 2023. Det har vore krevjande høge lønnsutgifter, endra tilleggssatsar, og fleire inntekter som ikkje er henta inn per 3. kvartal. Det ser vidare ut for at faren for eit betydeleg underskot i 2023 er svært gjeldande.

Vedtak:

Kyrkjeleg fellesråd tek rekneskapsrapporten for 3. kvartal 2023 til vitande.

John Olav Habbestad
leiar

Trygve Leigland
kyrkjevevje